

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sande

Emne: Skav

Bygdelag: Voksa

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa.

(adresse): Voksa

G.nr. 63 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Det samnamnet er helst "raskefor". Kjem av å raske og råve ihop.
2. Nei eg minnest ikkje å ha høyrte noko samnamn anna det som er nemnt ovanfor.
3. Å skava, Han skov, Han har skove eller skjeve,
4. Helst lite då her er mest skoglaust, men når ein hogg ned ei buske og det er lite høy, so vort borken ofte brukt åt krøtera. Ein kallar det skav.
5. Rogn osp og selja. Rogn og selja er haldne for dei beste.
6. Nei, ordet skav, er ikkje nytta om noko serskildt treslag.
7. Nei, nokon "stadeigen vess" om godleiken av dei ymse tresortar veit eg ikkje om.
8. Skav var det helst mjølkekyr som fekk. Kanskje ilag med høy, og stundom berre skav til eitt mål for dagen.
9. Det var sagt at dei mjølka betre av rogneskav enn anna. Selja vart dei betre i hold av. Om det sette smak på mjølka, so var dei ikkje so kresne at dei nemnde noko om det.
10. 11. 12. Sjå under 4.
13. Ordet er ikkje kjennt i den meining. Men ein brukar gjerningsordet: Veda C: å samla, eller henta heim ved.
14. Når ein trong det og hadde ei buske som skulle hoggast. Andre førestellingar trur eg knapt det knyter seg til dette.
15. Det var helst inne i stova til kveldsete arbeid.
16. Oftast ein bandekniv om ein hadde det. Mange hjelpte
17. seg med ein toleknivsmutel berre.
18. Det vart aldri so mykje skaving, at ein laga til noko
19. slag "spesialverkty" eller hadde visse måtar å gjera arbeidet på.
20. Ein kalla det skav.
21. Det var knappt noko sernamn på borkebitane.
22. Ein skov både tjukkt og tynnt.
23. Det var knappt noko sernamn på kjeppane som var skava. Ein har nok ordet skjeivla, men det tyder berre ein som ikkje går beint.
24. Nei, det har eg ikkje høyrte noko fyresegn om.
25. Kva som fyre fall.
26. Berre hendelsesvis. Mykje brukt kan det aldri ha vore.